

# Design og gamle handverkstradisjonar som innovasjonskraft for berekraftig vareproduksjon og eit kulturbasert reiseliv (DREIS)

DREIS er finansiert av:



## Partnarar i DREIS:

Vestlandsforskning

Hardanger og Voss museum

Hardanger Fartøyvernssenter

Kvam herad

Bioregion Institute



I DREIS skal vi undersøke korleis **immateriell kulturarv**, som **tradisjonshandverk** og gamal kunnskap om naturmateriale kan spele ei rolle for meir **berekraftig vareproduksjon** og styrke det **kulturbaserte reiselivet i Kvam**. Vestlandsforskning vil samprodusere kunnskap med kulturforvaltarar og handverkarar ved Hardanger og Voss museum og Hardanger Fartøyvernssenter og Kvam herad. Prosjektet vil samle og systematisere data om tilgjengeleg biomateriale i Kvam, som kan nyttast i ulike former for handverksproduksjon. Vi vil særleg sjå på om **lokale fibermateriale**, t.d. råull frå gamalnorsk spelsau, hestetegl, lin, lind, nesle, kan inngå i produksjonen av naturtau ved HFS, og **erstatte bruk av importert hamp frå Kina**. Målet for HFS er å auke produksjonen av tau ved reiparbana til HFS, som er like sterke og funksjonelle, men med lågare klimafotavtrykk enn det hampetaua dei lagar i dag har. Vi samarbeider med Bioregion Institute, som vil leie ein **designdrive innovasjonsprosess** for å lage skisser av minst to nye varer/produkt av tau frå lokale bioråstoff til det nye besökssenteret ved HFS. Dei **nye designskissene** skal stillast ut ved HFS, og vil vise fram både potensialet for produktutvikling basert på tradisjonshandverket reipslaging, men kan også gje ein ny reiselivsattraksjon og brukast i kulturformidlinga til museet. Andre innovasjonar i DREIS er **ein enkel database** over tilgjengelege bioråstoff med moglege bruksområde innan handverks-/lokalmat-/småskalaproduksjon i Kvam. Vi utviklar også **Handverksløypa**, eit digitalt kart over handverksbaserte reiselivsopplevelingar, som vil fremje kulturturismen i Kvam. Vi vil utvikle nye **berekraftsindikatorar for handverksprodukt**, som seinare skal inngå i ny metodikk for berekraftsanalyse. **MÅLET MED DREIS ER Å AUKE BEREKRAFTIG VERDISKAPING INNAN LANDBRUK, VAREHANDEL, DESIGN, HANDVERKSPRODUKSJON OG DET KULTURBASERTE REISELIVET I KVAM.**

---

*I eit berekraftig samfunn må vi produsere fleire materiale, produkt og opplevelingar basert på god utnytting av våre naturgjevne og lokale kulturressursar.*

---

## Kontaktperson for DREIS:

Torunn Hønsi, seniorforskar Vestlandsforskning, [tho@vestforsk.no](mailto:tho@vestforsk.no)